

PROTOKOLL

REGIONUTVALG NORD-NORGE		
Møtested:	Thon Hotel Nordlys i Bodø	
Dato/tid:	30. oktober kl 11.00 - 31. oktober 2019 kl 16.00	Protokoll: 02/19
TIL STEDE:		
Arbeidsutvalg Nord-Norge:	Svein Slåtsveen, Bjørn Arne Skoglund, Tone Rubach, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng og Bente Børsheim.	
Regionutvalg Nord-Norge:	Pål Danielsen, Stine Jelti, Jan Håland, Dan Vidar Rasmus, Dan Rune Larsen, Paul Johansen, Endre Borch, Marion E. Alvestad, Elisabeth Salo, Jens Olav Løvliid, Sunniva Skogan, Asbjørn Leonhard Hansen, Roger Simonsen, Birgitte Rørvik Bruun, Anders Stavrum Larssen, Grete E. Arntsen, Tone Rubach, Fred Tore Fagereng, Knut Joakimsen, Glenn Peter Knædal, Bjørn Arne Skoglund, Leif-Kåre Halvorsen, Veronica Pedersen, Ragnhild Engan, Karl Gunnar Strøm, Trine Rølvåg, Frøydis Forsmo, Hans Elling Angell, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Liv Kari Huskebakk, Merethe Hjerpbakk, Randi M. Sollien-Røssvoll, Olaf Paulsen, Lene Borgan, Peter D. Nicolaisen, Eirik Alexandersen Bjørnsgård, Håvard Knygh, Roy Harry Dypaune, Bjørn Torstein Arnes, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Lisa Juliussen, Siv T. Gulbrandsen, Frode Bjørnå og Lena J. Steinslett.	
Valgkomité Nord-Norge:	Tormod Nilsen og Liv Kari Huskebakk	
Andre:	Bjarte Myren (sentral valgkomité)	
Forfall:	Bjørn Tore Søfting (vara Pål Danielsen møtte), Kristian Olaussen, Morten Fredriksen, Per Johnny Lyngmo, Kristian Rognli, Jan-Tore Aronsen, Martin Ness (vara Asbjørn Leonhard Hansen møtte), Bernhard Halvorsen, Glenn Rainer Thomassen, Randi Bruun, Anne Guro Dahle-Fischer, Ole Martin Kristoffersen, Ole Magne Berg, Øyvor Åsbakk (vara Karl Gunnar Strøm møtte), Bjørn Vilhelmsen, Aleksander Lillevik, Skjalg Nordås (vara Randi M. Sollien-Røssvoll møtte), Hugo Mørk, Erling Rune Tømmervik, Ynge Herigstad, Anne-Maren Govasli, Bernt Andreassen, Roger Elvheim Fredriksen, Hanne Jonassen Harila (årsmøteutsending), John Inge Henriksen (RU valgkomité), Ajna Nystad (RU valgkomité), Berit Hundåla (sentral valgkomité, vara Bjarte Myren møtte) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen).	
Konsernstyret:	Trine Hasvang Vaag (dag 1) og Merethe Sund	
Administrasjonen:	Anne Marit Panengstuen (dag 1), Kjell Rakkenes (dag 2), Ingrid Melkild (dag 2), Andreas Våge (dag 2), Svein Inge Jakobsen, Tor Olav Brandtzæg og Brit Kari Eidseflot Hauger	
Referent:	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
1	<p>Konstituering av møtet Svein Slåtsveen ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent. Roger Simonsen og Liv Kari Huskebakk vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</p>

2	<p>Regionutvalseiar sin tale</p> <p>Svein las eit minneord for Endre Østbø, og det var deretter eit minutts stillheit for å heidre minnet.</p> <p>Svein framheldt at økonomisk status er i betring, vidare om tilførselar, lojalitetsbonus, fokus på lokal produksjon og distribusjon, samt utvikling av teknologi.</p>
3	<p>Orientering om styret sitt arbeid</p> <p>Trine Hasvang Vaag orienterte om at føremålet med arbeidet er å styrke Nortura, strukturendringane og økonomisk utvikling dei siste 10 åra, mange endringar er i gang, prestasjonskultur i alle delar av verksemda, innføringa av SAP, sortimentsreduksjon, overgang frå Gildebakk til papp, moglege retning for industristruktur, framtidens dyretransport i perspektivet 5-8 år og EBITDA-effektar i forbetningsprogrammet. Vidare om dynamikk og konkurransestruktur i sluttmarknaden, mat- og samfunnstrendar, grensehandelen aukar, utviklinga i daglegvarekjedene, balansert sal utan å bygge uønska lager, sentrale utviklingstrekk i marknaden, dyrevelferdstiltak og stort potensiale for å redusere klimabelastinga. Til slutt tok ho fram at vi står føre ein del viktige diskusjonar som vil medføre endringar som berører eigarane, både direkte og indirekte.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Lene Borgan, Dan Rune Larsen, Jens Olav Løvlid, Bjørn Torstein Arnes, Bernt Skarstad, Sunniva Skogan, Jørn Ellingsen og Olaf Paulsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvifor ikkje marknadsføre betre klimatiltaka som kvar enkelt bonde gjer, også som skogeigarar? • Utslepp frå veganarar og vegetarianar? • Region Nord har gjort jobben med struktur, no står resten av landet igjen. Inntransport: Ikkje gå til utanlandske selskap. Dyrevelferd: Spm om filmen var arrangert? Menneskeleggjering av dyr. Bruk Norges Bondelag til å fronte klimarekneskap. • Kor stort er svinnet? Kvifor eig vi ikkje 51 % i Notra, i staden for 50 %? Notra har tapt anbod? Må påverke for endring i køyre- og kviletid. • Stødig og god jobb i styret og leiinga. Bra med raske tilbakemeldingar med fakta på konspirasjonsteoriar på mail og Facebook, er viktig. På sikt mål om å kutte importert soya, og fokus på norskprodusert fôr. Også tenke mellomtransport, sleppe fokus på dekk og diesel. • Ynskjer å auke tilgjengelegheita på lam ved mellomlam. Alle steinar må snuast, må berre gjennomføre. Har jobba på Asko, Asko burde tatt større ansvar for svin. På lokalbutikken vert Gilde-varer etterspurt. Seier at dei bestiller, men ikkje får varer. • Ansatt i Spar-butikk seier dei ikkje får kjøpe ferskvarer, berre fryst. Kva er årsaka? • Nedbemanning i ytre sal: Korleis vert oppfølginga av plassering av Gilde-varer i butikk no? Endring i forretningsområde? <p>Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
4	<p>Økonomi- og driftsorientering</p> <p>Merethe Sund orienterte om resultat pr august 2019, utvikling i underliggende EBITDA mot fjoråret, hovudpunkt hittil i år målt mot 2018, resultat 2. tertial 2019, hovudtrekk i 2. tertial, betydeleg betring i svinnekostnader, råvarelageret si utvikling pr august, utvikling datterselskap og kapitalutvikling. Vidare om sals- og marknadsutvikling med utvikling i kvantum, daglegvaresal og merkevarene sin verdiandel pr kjede.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Dan Vidar Rasmus, Bernt Skarstad, Jens Olav Løvlid, Frøydis Forsmo, Bjørn Torstein Arnes, Olaf Paulsen, Paul Johansen, Knut Joakimsen, Sunniva Skogan, Tone Rubach og Hans Elling Angell.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har vi tapt sal av svin pga dyrevelferdsfilmen?

	<ul style="list-style-type: none"> • Nortura si rolle som marknadsregulator: Kostar det oss mykje? Kostar meir enn det smakar? • Marknadsreguleringa er ein av bærebjelkane i norsk landbruk, må hegnast om. • Råvarelager: Er det inkludert import eller kun norsk råvare? • I Coop er det stor prisskilnad på Gilde kjøtdeig og Coop kjøtdeig, og vanskeleg å sjå forstå skilnad. Dyrevelferdsfilm: Reklamefilmen til Gilde vart presentert, føler den vart misbrukt. • Gilde garanterer god dyrevelferd, men mange kyr som ikkje ser blå himmel, så vi kan ikkje garantere det. • Kvar i landet er det reduksjon i tilførslar? Kan kven som helst bruke vår reklamefilm i ein film? • Program på NRK i kveld med fokus på dumping av sauekjøt? Utfordring med at dyrebilar vert for store, på avkøyrslar og gardar. • Reklame for bønder og sauenæringa, der andre enn oss snakkar opp næringa. • Skremande med 7 % reduksjon i salet av Gilde-varer? Kor låg andel kan vi tole? • Kva er status på lageret av sau og lam? Bruke mellomlam i større grad? • Det er vår plikt å legge til rette for tilkomst for dyrebilane. Skuldast endring i tilførslane auka tilførslar i fjor pga turken? Saknar Nortura-merke på EMV-varene vi produserer. • Redd for at vi i Nord-Norge skal verte så små at vi vert ei belastning for Nortura. Kva er det viktigaste vi i Nord-Norge kan gjere? • Kjøtproduksjon vert negativt framstilt, og vi seier vi skal forme debatten. Men kva strategi har vi? Meiner vi er for forsiktige. • Har stor reduksjon i antal vinterfôra sau i region Nord, kva vert gjort for å stoppe reduksjonen? Stimulert til slaktning av sau i slutten av sesongen pga prisauke, men det er god kapasitet på slaktelinjene i starten av sesongen. • Biogass er ikkje nemnt som eit tiltak i klimadebatten. <p>Merethe, Trine, Tor Olav og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Vedtak: Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</p>
5	<p>Presentasjon av ny konsernsjef</p> <p>Anne Marit Panengstuen orienterte om sin bakgrunn og erfaring, kva ho har sett så langt i Nortura og viktige satsingsområde framover.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Svein Slåtsveen, Jens Olav Løvlid, Knut Joakimsen, Bernt Skarstad, Bjørn Torstein Arnes, Tone Rubach, Jørn Ellingsen, Lillian Sæterstad og Marion Alvestad.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vert sagt at Nortura er tungrodd, samt administrasjonstyrt. Kva trur du om det? • Arktisk kje: Kjekjøt må sjåast på som ein ressurs, i staden for å verte kassert. EMV: Klar strategi om å auke andelen i kjedene. Nortura vert sett på som eit stort konsern, ikkje lokalmatprodusent. Og ynskjer å høyre om konsernsjefen sitt syn på kjøt i kostholdet. • Er du heilt sikker på at vi kjem til å ete mindre kjøt i framtida? • Kva kan Nord-Norge og arktisk landbruk bidra med i Nortura? Industristrukturen vår er strekt maksimalt. Kan Nord-Norge trekket brukast til innovasjonsprosjekt i regionen, for å halde kjøtproduksjonen oppe? • Positive tal på botnlinja er målet. • Når mediabiletet er at kjøt vert valgt bort pga klima, kva anna strategi enn framsnakking har vi? • Vi har noko å lære av oppdrettsnæringa, er jo ikkje fokus på deira soyaforbruk i fôret. Må ha strategi og vere offensive. • Planter er på pluss-sida, og må bereknast inn. Noko veit vi, og kan formidlast no.

	<ul style="list-style-type: none"> • Nortura har sett seg klimamål, men har ikkje sett dokumentasjon på om vi nådde måla vi har sett oss. • Korleis ligg vi an på å selje norskprodusert kjøtt offshore, kontra at det er utanlandske leveransar? <p>Anne Marit, Trine og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>6</p>	<p>Høyringa «Effektiv og rasjonell samandling bonde i Nortura»</p> <p>Brit Kari presenterte ei oppsummering av høyringssvara frå kretsane. I alt 17 av 27 kretsar hadde svart på høyringa, noko som gjev ein svarprosent på 63 %.</p> <p>Merethe utfordra på innspel til vegen vidare.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Frøydis Forsmo, Tone Rubach og Jens Olav Løvlid.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktig å få fram kostnadane for Nortura, med synleggjering og bevisstgjerung av bonden. Bondebladet vert lest, er kort info. • Få til gruppearbeid no, med prioritering av tiltaka? • Irriterande ord med hobbybonde. Få med alle: I Balsfjord/Storfjord invitert til julemøte saman med FK og TINE, med presentasjon frå organisasjonane. Hadde stort oppmøte. <p>Svein føreslo at dyreslaga gjekk i grupper, med oppdrag å prioritere 3 tiltak for kvart spm.</p> <p><u>Storfegruppa:</u> Gevinstpotensiale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dersom eitt merke i må sende med skjema, dersom ingen merke i må det føre til avgift/straff • Avtalar må overhaldast, dvs ikkje avvik i forhold til kva som er innmeldt • I større grad bevisstgjerung om opplastingsforhold, med hjelp frå dyrebilsjåførane, m.a. <p>Effektiv og rasjonell samhandling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Info om tiltak som må gjerast på den enkelte gard, med frist for utbetring • Kartlegge behov for «Min side»-kurs for større bruk av innmelding • Vurdering av opplastingsforhold av dyrebilsjåfør, for oppfølging <p>Korleis få med alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsmøter mellom fleire organisasjonar • Rådgevarar besøker «problemmedlemar», basert på kartlegging av dyrebilsjåførar • Info skriven kort og punktvis, gjerne i SMS, med link til meir info <p><u>Egg-gruppa:</u> Gevinstpotensiale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bevisstgjerung slik at alle legg seg i selen for eit best mogeleg resultat <p>Effektiv og rasjonell samhandling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruke avrekninga for informasjon <p>Korleis få med alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Info via dyrebilsjåfør • Bruke rådgevarar hos «problembønder» <p><u>Sauegruppa:</u> Vi mener at de som slurver skal få straff og de som gjør en god jobb skal belønnes. Vi mener at det skal opprettes ei smilefjesordning som går på om bonden har gjort jobben sin. Kriterier: Har bonden dyra klar, er det rett antall dyr, er det god nok adkomst for dyrebilen. Sjåføren gir ei</p>

	<p>tilbakemelding på seddel til slakteriet. Ved 2 surefjes blir bonden kontaktet av en rådgiver. Det lages en plan for hvordan det skal være. Ved 3 surfjes får bonden et trekk per levering på kr 5000.</p> <p>Gevinstpotensiale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Belønning: samhandlingen er effektiv og rasjonell. • Nattillegg før kl 06. • Øke tillegg på lammering med +10 kr. • Se på smilefjesordning. • Se på opplastingsforhold • Bevisstgjøring og info. • Ta bort stoppsats for de som gjør en god jobb. <p>Effektiv og rasjonell samhandling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruk møter, sosiale media, Bondebladet. • Få frem konsekvenser. • Øke puljetilegget. • Bedre kvalitet på merker. • App for nisje/ retur/ skinn <p>Korleis få med alle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korte info skriv. • Bruk dyrebilsjåføren • Bondebladet. • Lammeringsledere, kvitt oss med de som ikke funker godt nok. • Engasjerende møter. • Skap tilhørighet. • Smilefjesordning • Send ut info på alle mobilnummer på gården. <p>Vedtak: Innspela frå Regionutvalet oversendast styret.</p>
7	<p>Separate møter for kvart dyreslag</p> <p>Regionutvalsmedlemene fekk velje kva dyreslag/gruppe dei ville delta i. AU-medlemene orienterte der frå arbeidet i fagutvala, og presenterte saker for drøfting.</p>
8	<p>Orientering om tilførselsarbeidet i Medlem region Nord, samt frå fabrikkane</p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om viktigeita av samhandling i verdikjeda, det låge antibiotikaforbruket er ein viktig konkurransefordel, Nortura er ein viktig aktør i region Nord, Thulefjord, kjøttproduksjonen i Nord og utfordringar, historia til Nord-Norge trekket, inntransportprosjektet i Nord og erfaringar så langt og teljedato 1. oktober. Vidare om utvikling i tilførsler for storfe, småfe og gris, småfesesongen og livdyrformidlinga.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jørn Ellingsen, Jens Olav Løvås, Asbjørn Leonhard Hansen, Bjørn Torstein Arnes, Bernt Skarstad, Knut Joakimsen, Tone Rubach, Dan Rune Larsen, Roger Simonsen, Bente Børsheim, Jan Håland, Frøydis Forsmo, Liv Kari Huskeback og Birgitte Rørvik-Bruun.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vert Polarlam selt i Rema over heile landet? Viss ikkje, kan salsstart då forseinkast ei veke. • Kven eig Polarlam-namnet? Aron mat kjøper 600 tonn lam frå Prima Jæren er det sagt? Har høyrte at det skuldast at Nortura ikkje kan garantere at dei er fôra utan palmeolje. • Kvifor ikkje einerøykt pølse? Bøkerøkt er litt sært i Nord. • Nord-Norge trekket er ein driftsulempe for oss som gardbrukarar, ikkje Nortura.

	<ul style="list-style-type: none"> • Må vere mogleg å diskutere kva Nord-Norge trekket kan brukast til, internt i Nortura. Må ikkje løftast som politisk sak i jordbruksoppgrjering. • Korleis kan driftsulempene i region Nord vere så store, når vi har gjort dei effektivitetstiltaka vi har gjort? • Dersom vi kan synleggjere kvar trekket hamnar, vil kritikken stilne, t.d. at midlane vert nytta i regionen. • Er det hengingar som ikkje er i bruk? For lite hengingar? Fekk beskjed om at det ikkje var plass til fleire dyr på bilen, samtidig som det vart oppfordra til levering av lam. • Klarer vi å ta unna det som er innmeldt på ordinært, og ikkje på avtale? • Teljedatoen er problemet, og inga logisk forklaring på endringa som vart gjort, berre politisk poeng. • Har vi inndekning på alle tillegg som vert gjeve på avrekningspris? • Viktig med produksjon i Målselv. Vi må alle framsnakke næringa, og vi treng meir svineproduksjon i Troms. • Er det mest utlendingar eller nordmenn på slaktelinja? • Livdyrformidlinga har vorte veldig bra! Har ikkje høyrte noko meir om kadaverhenting i Finnmark? • Korleis er kadaverordninga finansiert? • Fantastisk gjeng med ja-menneske i Nortura, der alt ordnar seg! Henting av dyr fungerer perfekt! Ting fungerer, god samhandling. • Anlegget i Karasjok kostar, og folk vil ha arbeid i 5 dagar. Må ha aktivitet på anlegget resten av veka. • Skryt av lammeringsleiaren vår! Eit vanskeleg distrikt med ferjer, men løyser det veldig bra! • Korleis går Medlemsbutikkane? Veldig positivt tilbod! Kjekt å kunne kjøpe profileringskle der. Skryt til ung kvinneleg dyrebilsjåfør, veldig dyktig! • Sjøkkert over at de ikkje er kjent kva kadaverordninga kostar. Og at vi ikkje har kadaverordning i Finnmark. Nisje: Kva kostar det? Er heilt imot at det skal belastast fellesskapet. Infoen i høyringsnotatet må ut til alle medlemmane, ikkje berre til kretsutvala. • Kan ta 9 dagar før nisje og retur kjem fram i Finnmark. • Nisjeproducentar betaler engrospris. Dersom eg ynskjer det nedskore, betaler vi meirpris for det. Så nisje skal det vere kostnadsdekning for. • Kva kostar det Nortura når storfe manglar eit merke? Og kva kostar det når begge merka er borte? • Kan ein ikkje på dyrebil ha lesar for øyremerka? • Er det ulik praksis på sporing av merkelause dyr? Retningslinjer? <p>Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>9</p>	<p>Tema: Dyrevelferd – frå verdas beste til tillitskrise. Kvar går vegen vidare?</p> <p>Ingrid Melkild orienterte om Nortura trygg mat og samfunnsansvar, kva er god dyrevelferd og korleis oppnå god dyrevelferd, fram til nyleg har myndighetene sine krav og oppfølging vore oppfatta som ein garantist for god norsk dyrevelferd, ulike tilnærmingar i Europa og Norge til handtering av dyrevelferd, dyrevelferd og tillit – noko er i ferd med å skje. Vidare om fokus på å ete mindre/kutte ut kjøt og andre animalske protein, krav og forventingar til dyrevelferd internasjonalt og i Norge. Kva gjer vi i Nortura for å sikre at dyra har hatt det bra? Roller og ansvar, rutiner for å fange opp og fylgje opp besetningar med dyrevelferdsavvik.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Knut Joakimsen, Marion Alvestad, Tone Rubach, Bernt Skarstad, Jens Olav Løvlid, Paul Johansen, Bjørn Torstein Arnes og Bente Børsheim.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er der bransjesamarbeid med KLF? Er einig i at vi må slutte å kritisere kvarandre.

	<ul style="list-style-type: none"> • Psykisk helse må vi ta med oss. Finnast dei som er ufyselege mot dyra, men for mange bønder er årsaka at det kan ha skjedd noko. Vanskeleg for bonden å seie at eg slit. Viktig tema som må fokuserast på. • Er det system for dialog mellom TINE, Felleskjøpet og Nortura for oppfølging av produsentar, der det har skjedd endring i leveransar og bestillingar? Næringa som heilheit hadde tent på ein felles plattform for deling av bekymringsmelding. • Skal ha godt samarbeid med Mattilsynet, men dei kan forbetre arbeidsmåten sin. Skjema for gradering av alvorheitsgrad av avvik kunne det vore jobba for. • Næringa må vere forsiktige med å byråkratisere seg, t.d. med KSL. Kan føre til motstand, og at det ikkje vert gjennomført. • Mattilsynet går etter paragrafar. Vi må alle hjelpe til, inkl Nortura. Vere flinkare til å sjå og spørje bonden om han treng hjelp. • Har bedd ein rådgjevar om å ta eit besøk pga frykt for dyrevelferden, men han følte det vart ekkelt. Dersom ein bonde spør jamt om å få forskot på leveransar, er det eit teikn på at noko er utfordrande. Rådgjevar må ta ansvar, og ta eit besøk. • Er ikkje alltid psykisk helse som er åraka. Hovudårsaka er haldningar, når ei purke ikkje vert avliva. Vi skal vere glad vi har Mattilsynet og KSL som kan dokumentere for oss. • I HMS-tenesta er det øymerka midlar til akutt arbeid, uavhengig av om ein er medlem i NLR eller ikkje. <p>Ingrid kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>10</p>	<p>Eierløftet</p> <p>Andreas Våge orienterte om tillit og kontroll, korleis møter vi som næring nye situasjonar, kva Eigarløftet er, dyrevelferdsprogrammet for gris og status på Eigarløftet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bjørn Torstein Arnes, Olaf Paulsen, Jørn Ellingsen, Frøydis Forsmo og Lillian Sæterstad.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er sjekklista den same som veterinæren har? • Kor langt fram i tid er realisering? • Kva med avløysar og overvaking? • Må vere opplogga mot gards- og bruksnr, slik at det er uavhengig av kven som er røktar • Bruke ansattnr? • Kva med Nortura sitt eigarskap til dette, viss det skal koblast opp mot andre løysingar? Snarveg til Sauekontrollen, plantevern, osv? • Printe ut sjekkliste? • Eg må sjå nytten av registreringane, for å gjere dei. <p>Andreas presenterte fylgjande gruppeoppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kva tenker de om det som har vorte presentert? 2. Kva tenker du vert viktig i det vidare arbeidet? 3. Ser du andre område der denne tankegangen hadde vore interessant? <p>Regionutvalet vart inndelt i grupper. Tilbakemeldingar frå gruppene:</p> <p><u>Spørsmål 1:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Stort sett positivt mottatt, må ha framoverlent haldning. Enklast råd, minst mogeleg knoting med mobil. Nokon skeptisk til mobil, og ikkje alle har nettilgang. • Så enkelt at det vert brukt. Flott at det vert forbeholdt Nortura. Kjem ikkje utanom dette, må takast på alvor. Offensive og løysingsorienterte. • Vi vil gjerne fylgje opp pålegg og krav, må vere enkelt og implementerast i daglege gjeremål. Viktig at Nortura eig det. Må ikkje vere mange appar. Vert brukt dersom den er enkel, og matnyttig for bonden.

	<ul style="list-style-type: none"> • Smart, noko vi gjer kvar dag, vere enkelt. Nortura får dokumentasjon, som gjev auka truverdighet og salsargument. <p><u>Spørsmål 2:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Smittefare med mobil i fjøs? Eigen fjøsmobil? Folk negativ til digitalisering. Storebror ser deg/overvåking og bruk av data? Positivt at det er eigd av Nortura. Konsekvensar av juks? • Enkelt, må henge saman med KSL. Vere omforent med Mattilsynet om det er god nok dokumentasjon. Vere einige om kva er nok strø, osv. Kva skjer/reaksjonar dersom nokon ikkje vel å bruke appen? Vi må ta sjekken seriøst, ikkje jukse. • Info overføring mellom dei som går i fjøsen? Korleis har bonden det i dag, med smilefjesordning? Ein app eller portal som linkar dei andre saman. <p><u>Spørsmål 3:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Lette driftsopplegg/dokumentasjon i samdrifter • Få positiv tilbakemelding/påminning • Dersom tvil om t.d. eit dyr er transportdyktig eller for skite, ta bilete eller film og sende til Mattilsynet • Huskeliste • Innmelding av dyr, bestilling av livdyr, kontakte rådgjevar, info til instansar som skal ha info • Kven andre har vore i fjøset, som brannvern, veterinær, osv. Korleis bruke på dyr på beite, kopplam, t.d.? Kven er kontrollorganet, er det Nortura-rådgjevar, KSL? <p>Andreas kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>11</p>	<p>Lokale saker/open post</p> <p>Svein orienterte om eit brev til AU frå kretsane Midt-Salten og Svartisen, med dette utdraget: <i>Signalene vi får fra kretsens medlemmer entydige på at dagens situasjon og utvikling ikke kan fortsette. Vi ber derfor AU ta stilling til følgende spørsmål, og følge saken opp videre i Nortura:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Er så store ned tak i tilleggsytelser og pris som vi har opplevd nødvendig, og er de korrekt belastet mellom dyreslag og besetnings størrelser?</i> • <i>Bøndene har etter vår mening nå avstått fra mere inntekter enn det som er mulig å drive bærekraftig med. Når kan vi forvente betydelig oppgang på våre tilleggsytelser? Når kan vi forvente betydelig oppgang på pris?</i> • <i>Er vi fortsatt konkurransedyktige i forhold til våre konkurrenter?</i> <p>RU vedtok at spørsmåla vert oversendt konsernstyret for oppfølging.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Merete Hjerpbakk, Jan Håland, Lena Steinslett, Bernt Skarstad, Lillian Sæterstad, Karl Gunnar Strøm, Frøydis Forsmo, Bjørn Torstein Arnes, Ferd Tore Fagereng, Dan Rune Larsen og Knut Joakimsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rett å ha info i Buskap om Angusavtalen, der det står at Nortura kan kontaktast for avtale, utan at vi region Nord kan ta del i den? • Kor stort er eit lass, for å kunne sende Angus-slakt til Prima Jæren? • RU ynskjer at vi prøver å få til Angus-avtale i region Nord også. • Kun Angus som er aktuell? Andre avtalar som er råd å få til i region Nord? • Kva skjer med medlemskapitalen når produsentar sluttar? • Nortura har etablert eit datterselskap Notra saman med Litra. Litra har vi hatt dårlege erfaringar med i transport av fisk, med sjåførar, oppgjer, køyretøy som ikkje er skodd. Må vurdere om Nortura skal samarbeide med eit slikt selskap. • Kjøpte gard for 2 år sidan, der stod det at medlemskap i organisasjonane følgde garden.

	<ul style="list-style-type: none"> • Har snakka med ein som ikkje har fått med seg at det skulle RU-møte. Må kunne sendast SMS om møteinnkalling til RU-møtet. Får mailar om at vi som kretsleiarar skal informere kretsutvalet, men då vert kretsleiar ein flaskehals, må sendast ut direkte til kretsutvalet. Viktig at alle får same infoen samtidig, utan forseinking. • Kretsleiar har ansvaret. Kan t.d. etablere lukka facebookgruppe for t.d. å gje info i etterkant av RU-møter. • Har fått innspel frå kjøtfeprodusent som seier han har gått ned i klassifisering med nytt klassifiseringssystem. • Skal arrangerast ein fagdag på Nortura Målselv saman med Animalia, der Fred Tore som AU-medlem storfe skal delta. • Islandsavtalen: Vil ikkje selje til Norge i år pga høgare pris på verdsmarknaden. Har ikkje då Island brote avtalen, så vi kan seie den opp? • Vi har godkjent innkallinga, men det er nokon som ikkje har fått innkalling, vert det sagt no. <p>Svein Inge, Merethe, Tor Olav, Brit Kari og Ragnhild kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>12</p>	<p>Arbeidet i kretsane</p> <p>Brit Kari orienterte om at det hadde vore få innspel til høyringa av aktivitetsplanen 2020. Det er fortsatt mogleg med innspel. Viktig å få ynskje om fagaktivitet i god tid, for disponering av ressursar.</p> <p>Kåring av Årets mest aktive kretsutval har pågått i region Nord og Midt, med prisutdeling på RU-møtet om hausten. No vert det kåring i alle 6 regionar på våren, med AU som jury. Premiering på RU-møtet på våren, der vinnarane går til nasjonal finale, med premiering på årsmøtet. Det vert også regionvis kåring av Årets tillitsvald, med AU som jury. Også her premiering på RU-møtet på våren, med nasjonal finale, og premiering på årsmøtet. Det vert opna for nominasjon frå januar.</p> <p>Vidare vart kretsmøteplanen lagt fram. Brit Kari ynskte innspel på kva som er suksesskriteria for gode kretsmøter.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jan Håland, Knut Joakimsen, Jens Olav Løvlid og Frøydis Forsmo.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktiske kurs og tema som t.d. avlivingskurs • Utfordring med oppmøte på dagmøter • Faglege foredrag med høg kvalitet • Lokal informasjon om leveransar på krets nivå • Ta vare på dei nyvalgte i RU og dei som møter som vara for fyrste gong <p>Brit Kari kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p>13</p>	<p>Orientering frå sentral valkomité</p> <p>Bjarte Myren orienterte om kven som er på val, og oppmoda om innspel til kandidatar og kva kompetanse det er behov for i styret.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Må ein vere aktiv produsent for å sitje i valkomitéen? <p>Bjarte svarte på spørsmålet.</p>
<p>11</p>	<p>Tema: Landbruk over heile landet</p> <p>Kjell Rakkenes orienterte om arealutnytting i ulike land, verda rundt endrar seg, føresetnader for ein god strategi, våre openbare fortrinn men også ulemper og landbrukspolitikken sine fire</p>

hovudmål. Fundamentet i den norske landbruksmodellen er i endring. Handelsbalansen legg press på landbruket. Den politiske realiteten peikar mot auka import. Norge etter Mercosur og Brexit. Norge sine samla klimagassutslepp og fakta om jordbruket sine utslepp. Klima og dyrevelferd påverkar landbrukspolitikken. Korleis vi kan utnytte fortrinna for å skape vekst og eit lønsamt jordbruk i Norge. Viss vi tek rammevilkåra på alvor og utnyttar våre fortrinn kan vi bygge eit større, sterkare og meir lønsomt jordbruk i heile Norge.

Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Jens Olav Løvlid, Bjarte Myren, Knut Joakimsen og Bjørn Torstein Arnes.

- Vi må ta utgangspunkt i kva er målet med jordbruket? Skal vere glad det er val om 2 år, for regjeringsskifte, har ei tafatt haldning. Vi har regionale lager for kjedene i regionen. Kan vi politisk, gjennom matmaktutgreiinga, påverke til at produkt går til regionale lager, i staden for å gå innom sentrale lager?
- Petter Stordalen seier charterturstane har klimakompensert flyturen. Kan ikkje vi i landbruket seie at vi klimakompenserer, ved at vi binder karbon?
- Nortura gjekk vekk frå Landbrukets fellesdistribusjon. Er det råd å ta det oppatt, for å styre distribusjonen sjølv?
- Fokus på utslepp av klimagass. Men vi som bønder eig også det meste av skogen som skal binde karbon. Vert ikkje sett på heilheita.
- Kvifor er vi så treige, i forhold til biogass t.d.? Bondelaget bør vere ekstremt på.

Kjell, Ingrid og Tor Olav kommenterte og svarte på spørsmåla.

Svein Slåtsveen
(sign.)

Roger Simonsen
(sign.)

Liv Kari Huskeback
(sign.)